



Avtale om utlån av ikkje-anonyme opplysningar til forskning er inngått mellom Statistisk sentralbyrå (SSB) og

[.....]

(seinare kalla forskingsinstitusjonen)

1. Grunnlag

Forskinsinstitusjonens søknad av [dd.mm.yyyy] om tilgang til ikkje-anonyme opplysningar til prosjekt: [.....]

2. Heimel

Statistikklova § 2-5 (1) og Datatilsynets vedtak av 16.3.2006 pkt. 1.1 og 2.1 (ref. 01/533-17)

3. Vilkår

- a) Opplysningane skal berre brukast til statistiske formål i forskning.
- b) Bakvegsidentifisering eller forsøk på rekonstruksjon av identiteten til einingane (person/verksemd) i materialet som er utlevert, er ikkje tillate.
- c) Opplysningane må ikkje direkte eller som eit resultat av tilarbeiding, bli gjort offentlege på ein slik måte at det medfører risiko for identifisering av statistisk eining, jamfør statistikklova § 2-6.
- d) Berre forskarar som er namngitte i pkt. 6 og har underteikna teielovnad, skal ha tilgang til opplysningane frå SSB. Brot på teieplikta kan medføre straffansvar etter statistikklova, § 5-1 nr. 2, jamfør straffelova § 121.
- e) Opplysningane skal berre brukast til det formålet som er oppgitt i forskingsinstitusjonens søknad, og må ikkje gjerast tilgjengeleg for andre utan SSBs spesielle samtykke i kvart einskilt tilfelle.
- f) Forskinsinstitusjonen pliktar å behandle opplysningane i samsvar med personopplysningslova (lov 14.04.2000 nr. 31), og i samanheng med dette gjennomføre informasjonssikringstiltak som følgjer av personopplysningslova § 13. Dokumentasjon skal på førespurnad utleverast til SSB. *(Dette tekstavsnitte skal nyttast berre dersom dei utleverte data inneheld ikkje-sensitive opplysningar om fysiske personar – skal SLETTAST dersom det ikkje er aktuelt.)*
- g) Opplysningane skal behandlast i samsvar med konsesjonen som forskingsinstitusjonen har frå Datatilsynet, eventuelt tilråding frå personvernombodet, eventuelt godkjenning frå REK, datert [dd.mm.yyyy] som SSB har fått kopi av. Forskinsinstitusjonen pliktar å gjennomføre informasjonssikringstiltak som følgjer av personopplysningslova § 13. Dokumentasjon skal de utlevere til SSB når de får spørsmål om det. *(Dette tekstavsnittet skal nyttast berre dersom dei utleverte data inneheld ikkje-sensitive opplysningar om fysiske personar – skal SLETTAST dersom det ikkje er aktuelt.)*
- h) *Opplysningar som er samla inn på frivillig grunnlag*
Dei som er registrerte, har overfor SSB gitt samtykke til at opplysningane skal brukast til det formålet som går fram av søknaden til forskingsinstitusjonen. Forskinsinstitusjonen skal ikkje vende seg til dei registrerte utan å ha samtykke frå SSB. *(Dette tekstavsnittet skal SLETTAST dersom det ikkje er aktuelt.)*
- i) *Opplysningar frå administrative register, underlagde teieplikt*
Heile eller delar av den opplysningsmengda som blir gjort tilgjengeleg for forskarane er underlagd ein særskilt teieplikt som krev at ein annan instans enn SSB gir dispensasjon. SSB har teke imot kopi av dispensasjon frå teieplikta frå [skriv inn instans] datert [dd.mm.åååå]. *(Dette tekstavsnittet skal SLETTAST dersom det ikkje er aktuelt.)*



4. Ansvar

- a) Dersom SSB leverer ukorrekte data som ikkje samsvarer med godkjend kravspesifikasjon, har forskingsinstitusjonen rett til korrigert levering så raskt som mogleg og utan tilleggskostnad. Forskingsinstitusjonen taper retten til kostnadsfri omlevering dersom dette ikkje blir kravd innan 6 månader frå leveringstidspunktet. Andre tap eller kostnader vil ikkje bli betalte.
- b) SSB er ikkje ansvarleg for konklusjonar som forskingsinstitusjonen eller andre brukarar gjer på grunnlag av dei opplysningane som har blitt leverte ut.

5. Sletting/tilbakelevering

Når prosjektet er avslutta, og seinast innan [dd.mm.yyyy], pliktar forskingsinstitusjonen å slette alle opplysningar dei har fått, inklusive alle utskrifter og kopier av desse opplysningane. Sletting skal de bekrefte på skjemaet som vi legg ved.

6. Autorisasjon

- a) Dei etternemnde forskarane i forskingsinstitusjonen skal ha tilgang til opplysningane:
 1. namn, tittel, verksemd/avdeling (kontaktperson)
 2. namn, tittel, verksemd/avdeling
 3. namn, tittel, verksemd/avdeling
 4. namn, tittel, verksemd/avdeling

Når nye personar skal ha tilgang til opplysningane, skal forskingsinstitusjonen varsle SSB skriftleg.

- b) Medarbeidarar i prosjektet som ikkje er tilsette ved forskingsinstitusjonen, er rekna som underlagt forskingsinstitusjonen i dette prosjektet, på den same måten som dei andre prosjektmedarbeidarane. Berre når nødvendige fullmakter er gitt av dataeigarane, kan desse medarbeidarane få tilgang til datamaterialet. Prosjektmedarbeidarane skal berre ha tilgang til det utlånte datamaterialet via utstyr som blir eigd og kontrollert av forskingsinstitusjonen. Dersom prosjektmedarbeidarar som ikkje er tilsette ved forskingsinstitusjonen, skal ha tilgang til data frå eigen arbeidsstad, skal det gjerast eiga avtale mellom SSB og arbeidsstaden til forskaren om tilgang til datamaterialet. *(Dette tekstavsnittet skal SLETTAST dersom det ikkje er aktuelt.)*

7. Spesielle vilkår

- a) Eitt eksemplar av alle dei publiserte forskingsresultata der data som blir omfatta av denne avtala er brukt, skal sendast vederlagsfritt til SSB v/ansvarleg eining.
- b) --

8. Underskrift

Partane skal behalde kvar sitt eksemplar av avtala.

Oslo, den [dd.mm.yyyy]

Stad/dato:

For Statistisk sentralbyrå:

For forskingsinstitusjonen:

(Seksjonsleiar)

(Einingsleiar)



Teielovnad

Eg forstår

- at eg i arbeidet med [skriv namnet på prosjektet her] vil kunne få kjennskap til opplysningar som av omsyn til offentlege, einskildpersonars, institusjonars eller bedrifters interesser, ikkje må bli kjende for uvedkommande.
- at statistikklovas vedtak om teieplikt § 2-4 gjeld for dei opplysningane eg får tilgang til, som er utleverte frå Statistisk sentralbyrå.

Eg har plikt til

- å vise aktsemd i handsaminga av alle opplysningar som er utleverte frå Statistisk sentralbyrå og arbeide i samsvar med retningslinjer og instruksar som er gitt av Statistisk sentralbyrå og Datatilsynet.
- ikkje å gi opplysningar vidare til personar i eller utanfor [skriv namnet til forskningsinstitusjonen].

Eg er klar over

- at brot på teieplikta og misbruk av informasjon eg får kjennskap til, for meg sjølv eller andre, kan medføre straffansvar.
- at teieplikta også gjeld etter at det arbeidet som er knytt til [skriv namnet til forskningsinstitusjonen] er avslutta.

Eg er gjort kjent med og har forstått

- Statistikklova § 2-4. Teieplikt.
 - (1) De som utfører arbeid eller tjeneste for et organ som forbereder eller utarbeider offisiell statistikk, plikter å hindre at uvedkommende får adgang eller kjennskap til det de under forberedelsen eller utarbeidelsen av en statistikk får vite om personlige forhold, drifts- eller forretningsforhold, eller tekniske innretninger og fremgangsmåter. Taushetsplikten gjelder bare de opplysninger som er hentet inn med sikte på utarbeidelse av offisiell statistikk.
 - (2) Taushetsplikten gjelder også etter at vedkommende har avsluttet arbeidet eller tjenesten. Vedkommende kan heller ikke utnytte opplysninger som nevnt i denne paragraf i egen virksomhet eller i arbeid eller tjeneste for andre.
 - (3) Forvaltningsloven §13 til §13e kommer ikke til anvendelse.
- Straffelova §121
 - Den som forsettlig eller grovt uaktsomt krenker taushetsplikt som i henhold til lovbestemmelse eller gyldig instruks følger av hans tjeneste eller arbeid for statlig eller kommunalt organ, straffes med bøter eller med fengsel inntil 6 måneder.
 - Begår han taushetsbrudd i den hensikt å tilvende seg eller andre en uberettiget vinning eller utnytter han i slik hensikt på annen måte opplysninger som er belagt med taushetsplikt, kan fengsel inntil 3 år anvendes.
 - Denne bestemmelse rammer også taushetsbrudd m.m. etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet.

Denne teielovnaden er skriven under i to eksemplar, og partane skal behalde kvar sitt eksemplar.

Stad/dato:

Namn med blokkbokstavar

Underskrift



Sletting av opplysninger

SSB fyller ut:

Avtala datert:	SSBs referanse: <i>Saksnummer</i>	Utleveringsdato:
Ansvarleg seksjon:	Saksbehandlar:	Slettedato ifølgje avtala:
NB: EIGEN KOPI AV DET UTFYLTE SKJEMAET SKAL SENDAST TIL ARKIVET FOR INNLEGGING AV OBS! dato i WebSak		

Forskingsinstitusjonens namn:
Adresse:
Postadresse:
Kontaktperson:

Kva for opplysningar: (tabell, individualdata, anonymisert, aidentifisert osv. på diskett/lister e.l.)

Forskingsinstitusjonen fyller ut:

Vi stadfester at dei ovanfor nemnde opplysningane inklusive alle utskrifter og kopier blei sletta den

(Dato)

For forskingsinstitusjonen:

(Dato) (Namn/Stilling)